

September 2006



## **Evalueringssprogram 2006–2008**



**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
*Norwegian Agency for Development Cooperation*

Pb. 8034 Dep, 0030 OSLO  
Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge  
Tlf.: 22 24 20 30 Fax: 22 24 20 31

Trykk: Grefslie Trykkeri  
ISBN 82-7548-172-4

## Del 2 Evalueringsprogram 2006–2008

Dette er eit rullerande program som vil bli revidert i juni/juli kvart år. Det omfattar ein periode på om lag to år, men med føringar også ut over det. Det kan skje endringar i programmet, og gjennomføringa vil til eikvar tid avhenge av tilgjengelege ressursar og budsjettmidlar.

### 1. NÅVERANDE EVALUERINGAR:

#### Norske evalueringar

Institusjonssamarbeid. Støtte til samarbeid mellom undervisningsdepartement i Norge og Zambia og Norge og Nepal.

Tidsplan: Rapport september 2006                      Ansvarleg: Anette Haug

Det nye Fredskorpset.

Tidsplan: Rapport 4. kvartal 2006.                      Ansvarleg: Tale Kvalvaag

Norsk utviklingssamarbeid innafor olje og gass.

Tidsplan: Rapport desember 2006                      Ansvarleg: Jon Teigland

Norsk utviklingssamarbeid på kraftsektoren utanom olje

Tidsplan: Rapport april 2007                      Ansvarleg: Jon Teigland

Givarfond i Verdsbanken for miljømessig, sosial og berekraftig utvikling.

Tidsplan: Rapport i 2007                      Ansvarleg: Beate Bull

#### Fellesevalueringar

Tsunami-responsen frå det internasjonale givarsamfunnet.

Tidsplan: Endeleg rapport juli 2006                      Ansvarleg: Kristin Teigland

Forvaltning av utfasing frå land. Sverige samordnar.

Tidsplan: Fase 2-rapport 2007                      Ansvarleg: Agnete Eriksen

Utvikling av rettleiar for evaluering av konfliktførebyggjande og fredsbyggjande aktivitetar (Norge og DAC-sekretariatet).

Tidsplan: Hausten 2006                      Ansvarleg: Beate Bull

Harmoniseringsinitiativet i Zambia. Nederland samordnar.

Tidsplan: Oppstart haust 2006                      Ansvarleg: Agnete Eriksen

#### I partnarskap med Verdsbanken og UNDP

Ti år med støtte frå Verdsbanken til transport.

Tidsplan: Ferdig medio 2006                      Ansvarleg: Kristin Teigland

Verdsbankens bistand til regionale program.

Tidsplan: Rapport medio 2006                      Ansvarleg: Kristin Teigland

Verdsbankens bistand til middelinntektsland.

Tidsplan: Rapport 2007.                      Ansvarleg: Kristin Teigland

Verdsbankens bistand til låginntektsland i vanskeleg situasjon (LICUS)

Tidsplan: Rapport i september 2006                      Ansvarleg: Kristin Teigland

Verdsbankens opplæring og kapasitetsbygging i samarbeidsland (m.a. World Bank Institute)  
Tidsplan: Rapport februar 2007                      Ansvarleg: Kristin Teigland

UNDPs støtte til land i postkonflikt  
Tidsplan: Rapport september 06                      Ansvarleg: Beate Bull

## **2. NYE EVALUERINGAR**

### **Norske evalueringsprosjekt**

#### *Arbeid mot kjønnslemlesting*

Evaluering av innsats og strategiar mot kjønnslemlesting. Korleis er handlingsplanen mot kjønnslemlesting følgt opp frå norske myndigheter. Spesiell vekt kan bli lagt på innsats i to-tre utvalde samarbeidsland.

Tidsplan: Oppstart haust 2006                      Ansvarleg: Gørild Mathisen

#### *Langsiktige verknader av tidlegare norsk bistand*

For å kunne svare på spørsmål om langsiktige verknader (impact) av norsk bistand kan det vere aktuelt å gjere studiar av 2–3 norske innsatsar 5–15 år etter at programma vart gjennomførte. Programma må veljast ut frå at evalueringa vil gi kunnskap som er nyttig for planlegging av framtidig bistand.

Tidsplan: Oppstart 4. kvartal 2006.                      Ansvarleg:

#### *Norsk humanitær støtte (til ein region eller land)*

Det vil bli gjort ei evaluering av norsk humanitær bistand til ein region eller eit land.

Tidsplan: Oppstart 4.kv. 2006                      Ansvarleg: Anette Haug

#### *Komparative landstudiar om arbeidet mot korrupsjon*

Kva slag bistand fungerer best i kampen mot korrupsjon? Søkelyset vil bli retta mot norsk bistand. Det kan vere aktuelt å gjennomføre komparative studiar, for eksempel samanlikne innsats i Afrika og Asia.

Tidsplan: Oppstart 1. halvår 2007.                      Ansvarleg: Tale Kvalvaag

#### *Landstudiar av norsk støtte gjennom det sivile samfunn*

Som ei oppfølging av Rattsø-utvalget vil det bli gjennomført to landstudiar av den norske støtten gjennom det sivile samfunnet.

I den eine av desse studiane vil ein ta sikte på å bruke nasjonale eller regionale fagkonsulentar til å gjennomføre studien og gjere studien i samarbeid med styresmaktene i landet. Dette må ein sjå på som eit pilotprosjekt.

Tidsplan: Oppstart i 2007                      Ansvarleg: Gørild Mathisen

#### *Evaluering av norske institusjonars innsats for fredsbygging og konfliktførebygging*

Det er blitt foreslått av vi evaluerer norske institusjonars innsats for fred i konfliktsituasjonar.

Tidsplan: Oppstart i 2007.                      Ansvarleg: Eivind Engebretsen

#### *Norsk innsats mot hiv/aids*

Det vil bli gjennomført ei evaluering av norske aidsinnsatsar over dei siste 10–20 år. Det vil bli lagt vekt på å vurdere endringer over tid, norsk tilpassing til det aukande talet på aktørar og auka volum. Ein tar sikte på å lage ei ”outcome mapping”.

Tidsplan: Oppstart 2007.                      Ansvarleg: Kristin Teigland

#### *Norsk utviklingssamarbeid med eitt (hovud)samarbeidsland*

Sidan landstudiene i 80-åra har ein ikkje hatt reine evalueringar av alt norsk utviklingssamarbeid med eit land. Landgjennomgangane som er gjorde er som regel meir avgrensa i mål og omfang. Med utgangspunkt i kravet om koherens vil eit slikt evalueringsprosjekt kunne tilføre ny kunnskap om samanheng i norsk utviklingspolitikk. Ein vil leggje stor vekt på å få fram resultat av bistanden. Det vil vere aktuelt å velje eit hovudsamarbeids-

land eller eit anna land der den totale norske bistanden er på eit tilsvarende nivå, og gjere evalueringa saman med mottakarregjeringa.

Tidsplan: Start 2007

Ansvarleg: Eivind Engebretsen

#### *Omorganisering av bistandsforvaltninga i 2004*

Det er tidlegare vedtatt at reformen i bistandsforvaltninga i 2004 skal evaluerast.

Tidsplan: 2007/2008

Ansvarleg:

#### *Evaluering av forskingsprogrammet "Utviklingsveier i Sør".*

Utviklingsveier i Sør er det forskingsprogrammet som hittil har fått mest støtte (140 mill.kr.)

Det skal avsluttast i 2007, og vil bli evaluert i 2008.

Tidsplan: Oppstart 2008

Ansvarleg:

#### *Forvaltning av overgangsbistand*

Det er foreslått å gjennomføre ei evaluering av korleis den norske gap-støtten – bistand til land i overgang frå konflikt til fred - er blitt handtert, dvs. gap-løyvinga som tilskottsordning. Å samanlikne kanalar blir sentralt i denne evalueringa.

Tidsplan: Oppstart i 2008.

Ansvarleg:

### **DAC/fellesevalueringssjokt**

#### *Bistand til folks høve til å påverke politisk og halde styresmaktene til ansvar (Voice)*

Dette er eit initiativ frå DFID til ei fellesevaluering. Tesen er at når borgarane er engasjerte, brukar den røysta dei har og krev ansvar, då vil dei styrande bli betre til å styre og korrupsjon blir vanskelegare. Føremålet med evalueringa vil vere å lære av erfaringar om kva som verkar og ikkje verkar, og kvifor, og vurdere verknader av bistandstiltak for å styrkje folks medverknad og kontroll på styresett og bistandseffektivitet. Evalueringa vil spesielt omfatte "empowerment" av innbyggjarane, budsjettfordeling, offentlege utgifter, tenesteyting og fattigdomsreduksjon. Ein vil velje ut tre-fire samarbeidsland. Førebuingane er i gang.

Tidsplan: Oppstart haust 2006

Ansvarleg: Beate Bull

#### *Total bistand til eitt land*

I DACs evalueringsnettverk har Sverige tatt initiativ til å gjennomføre ei evaluering av den totale bistanden til eitt land. EVAL har meldt sin interesse dersom det i ein slik samanheng blir mogleg å evaluere ulike kanalar og bistandsformer, m.a. dei nye globale fonda som kanal. Eit slikt evalueringsprosjekt vil truleg kunne starte opp i første halvår 2007.

Tidsplan: Oppstart 2007

Ansvarleg: Gørild Mathisen

#### *Langsiktige verknader av utviklingssamarbeid (impact)*

Det blir i DAC-samanheng arbeidd med eit opplegg for å styrkje impact i evalueringar.

Verdsbanken koordinerer initiativet, der ei amerikansk forening av forskingsinstitusjonar (Center for Global Development) er særlege aktive. Det er aktuelt for norsk side å bli med på dette initiativet dersom det har ein form som kan gi nytteverdi for oss. Dette er førebels ein prosess, og det blir ikkje aktuelt å starte opp med evaluering før godt ut i 2007.

Tidsplan: Oppstart i 2007

Ansvarleg: Jon Teigland

#### *Erfaringar med kapasitetsbygging i låginntektsland*

Både den auka innsatsen for å nå tusenårsmåla og harmoniseringsagendaen stiller sterkare krav til at samarbeidslanda skal ta meir ansvar for bistanden. Det krev meir kapasitet, som dei fleste låginntektsland ikkje har. Vi veit for lite om kva bistand som kan bidra til kapasitetsbygging. Det vi veit er at på dette feltet, som i stor grad omfattar fagleg bistand, er harmoniseringa liten og eigeninteressene store. Behovet for evaluering på dette området er difor stort. Målet må vere å trekkje erfaringar frå mange års bistand og prøve å finne ut kva kapasitetsbygging, inkludert fagleg bistand, som fungerer og under kva vilkår. Det vil vere aktuelt å velje ut to-tre land. Eit slikt evalueringstiltak må ha brei støtte for å kunne lykkast.

Tidsplan: Oppstart i 2007

Ansvarleg: Eivind Engebretsen

#### *Bistand til fredsbygging i eit land*

Pilottesting av rettleiar for evaluering av konfliktførebyggjande og fredsbyggjande aktivitetar. Oppfølging av Utstein-evalueringa av fredsbygging. Dette vil vere ei felles givarevaluering. Tidsplan: Kan begynne i 2007. Ansvarleg: Beate Bull

#### *Multilaterale organisasjonar. Gjennomgang av evalueringsfunksjonen*

Det kan vere aktuelt å delta i ei "peer review" i den pågåande DAC-prosessen for kvalitetssikring av evalueringsfunksjonane til dei multilaterale organisasjonane. Det humanitære området er aktuelt. Vi tar sikte på eventuelt å delta frå 2008.

### **Partnerskapsavtalar med Verdsbanken og UNDP**

#### *UNDP: FNs totale samarbeid med Sør-Afrika*

I FNs evalueringsgruppe UNEG er det semje om å gjere ei evaluering av alt FN-samarbeid med Sør-Afrika. Dette vil bli i evaluering som blir leia av sørafrikanske styresmakter. EVAL har sagt ja til å delfinansiere denne evalueringa gjennom partnerskapsavtalen med UNDP, og har også sagt oss interesserte i å gjere noko tilsvarande i eit anna land, så då vil vere eit låg-inntektsland. Prosjektet i Sør-Afrika startar opp i år og vil gå fram til 2007. Ei tilsvarande evaluering i eit låg-inntektsland vil kunne starte i 2007.

Tidsplan: Oppstart i 2006

Ansvarleg: Beate Bull

#### *Andre UNDP-evalueringar*

Samarbeidsprogrammet med UNDP vil innehalde nye tiltak. Det er aktuelt å støtte evaluering av integrering av energi og miljø i styresett og fattigdomsreduksjon og av UNDPs rolle i forhold til nye bistandsmodellar. UNDP har ei klar utfordring når det gjelder å finne sin rolle i nye modellar for utviklingsamarbeid, og har bedt Norge finansiere ei evaluering eller studie av erfaringane hittil som grunnlag for organisasjonens politikk.

#### *Verdsbanken: Impact evaluation*

EVAL vil finansiere og samarbeide med Verdsbanken om ein studie av langsiktige verknader – truleg kraftutbygging på landsbygda.

Tidsplan: Oppstart 2007

Ansvarleg: Jon Teigland

#### *Verdsbanken – tematisk studie*

Vi vil under partnerskapsavtalen med Verdsbanken velje ut ei tematisk evaluering for norsk finansiering og medverknad. Det mest aktuelle forslaget er "Governance and Public Sector Reform". Eit alternativ er helsesektoren.

Tidsplan: Oppstart 2007

#### *Verdsbanken: Landstudie*

EVAL vil finansiere og samarbeide med Verdsbanken om ein av Bankens landstudier, dvs. evaluering av Verdsbankens innsats i eit land dei siste 10 – 15 åra. Kva land det blir er ikkje bestemt.

Tidsplan: Oppstart 2007

Ansvarleg: Kristin Teigland

### **Anna**

#### *GAVI. Fagleg medverknad i evaluering*

Det er omfattande diskusjon og ulike meiningar i det internasjonale utviklingsmiljøet om kor gode dei nye globale fonda er som bistandskanal, og korleis verksemda deira verkar inn på prioriteringar og struktur i dei offentlege tenestene i samarbeidslandet. Det globale vaksineinitiativets styre har bestemt at GAVI skal evaluerast i 2006/7. Norge er bedt om å gi faglege innspel og stå for fagleg kvalitetssikring av denne evalueringa.

Tidsplan: Oppstart hausten 2006

Ansvarleg: Tale Kvalvaag



**Norad**

Direktoratet for utviklingssamarbeid  
*Norwegian Agency for  
Development Cooperation*

Postadresse:

Pb. 8034 Dep, 0030 OSLO

Kontoradresse:

Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge

Tlf.: 22 24 20 30

Fax: 22 24 20 31

postmottak@norad.no

www.norad.no

Opplag: 600

September 2006

ISBN 82-7548-172-4

